⌘BRYGGJA I STÅI

THE WHARF AT STÅI / DER KAI IN STÅI

N

Vassvøri er namnet på det gamle tinglaget som hadde møtestad i tingstova på Bolstadøyri. Namnet kan vera eit av dei eldste i heile landsdelen. Ein meiner at det opphavlege namnet har vore Varsafjord, «fjorden til vessene», og har vore namnet på fjorden frå Straume og inn til Bolstad, eller så langt som ein kunne fara med båt, til Evanger. Sidan er Vassvøri vorte namnet på heile bygdelaget. Bolstad er eit stad-namn og tyder bustad, stad der folk bur. Tidlegare skriftform: Bolstodom (Diplomatarium Norvegicum 1317). Bolstadfjorden vart isfri for om lag 9700 år sidan. Framfor isfronten vart det bygd opp eit isranddelta til havnivå (ca. 63 m.o.h.). Flåten, Kongahaugane og Horvei er restar av deltaflatene. Etter at vekta av isen tok av, steig landet fort. I yngre steinalder, for 6000 år sidan, stod havet stilt på 25 m for så å siga jamt fram mot vår tid.

GB

Vassvøri was the name of the old local "thing" (parliament) that met in the "thing house" at Bolstadøyri. The name could be among the oldest in this part of the country. The toponym Bolstad means "dwelling place" – a place where people live. The Bolstadfjord was ice-free about 9700 years ago, and the sea level was about 63 metres higher than it is today. Cooking pots and grave chambers bear witness to settlements at Bolstad ever since the Bronze Age (1800 - 500 B.C.) From olden times Bolstadøyri has been an important junction for traffic in Voss region. The wharf at Ståi was built in 1837 by David Aadsen Kløve for a price of 118 «spesidaler». The river has been focal throughout history. Salmon fishing in the Bolstad river is mentioned in several of the letters to «Diplomatarium Norvegicum», dating from the fifteenth century, and until recently it was one of the best salmon rivers in Norway. From 1863 onwards English «salmon lords» were regular visitors to the river. The Voss watercourse has played a vital role in the transport of people and goods. It has also been used by loggers for river driving and transporting firewood. From 1877 to 1882 the steamer «Evanger» provided a regular boat service on the Evanger lake.

D

Vassvøri ist der Name des alten Gerichtsbezirks, dessen Sitzungen in der alten Tingstube in Bolstadøyri abgehalten wurden. Dieser Name ist wahrscheinlich einer der ältesten in diesem Landesteil. Der Ortsname Bolstad ist aus dem norwegischen Wort für Wohnort - bustad - abgeleitet; also dort, wo Leute wohnen. Vor etwa 9700 Jahren verschwand das Eis aus dem Bolstadfjord. Zu der Zeit war der Meeresspiegel ca. 63 m höher als heute. Der Kochtopf und die Grabkammer sind Belege dafür, daß es in Bolstad wahrscheinlich seit der Bronzezeit (1800 - 500 v. Chr.) Wohnplätze gegeben hat. Bolstadøyri ist seit ewigen Zeiten ein Knotenpunkt für den Verkehr im Bezirk Voss. Der Kai in Ståi wurde 1837 für 118 Speziestaler von David Aadsen Kløve erbaut. Schon im Altertum spielte der Fluß eine zentrale Rolle. Die Lachsfischerei in Bolstadelva ist in mehreren Briefen an das Diplomatarium Norvegicum aus dem 15. Jahrhundert, und bis vor kurzem war der Fluß einer der besten Lachsflüsse des Landes. Seit 1863 kamen englische «Lachslords» hierher. Der Fluß Vosso mit seinen Seen und Nebenflüssen war von großer Bedeutung für den Transport von Menschen und Waren. Auch wurde der Fluß zum Flößen und Transport von Brennholz genutzt. In den Jahren 1877 - 1882 verkehrte auf dem See Evangervatnet das Dampfschiff «Evanger».

FOTO: LARS E. BOLSTAD

Roar og laksefiskar
Anders A. Bolstad f. 1885

Fiske

Elva har vore sentral frå dei eldste tider.Laksefisket i Bolstadelva er nemnt i fleire av breva i Diplomatarium Norvegicum frå 1400-talet, og elva var til nyleg ei av dei beste lakseelvane i Noreg.
I 1967 var fangsten 310 fiskar. Engelske lakselordar inntok elva frå 1863 og sette med det sitt preg på fiske- og fangstmetodar. Grunneigarane fekk etter kvart råderetten over fiskerettane attende, og elva har hatt stort økonomisk verde for dei. I siste tiåret har det gått dramatisk nedover med fisket, noko som skuldast eit komplekst samspel mellom flaumreguleringsarbeid, sur nedbør, fiskeoppdrettsnæringa og effektivt havfiske etter laks.

FOTO: ASTA SNEINSTAD FOLDAL

Løyping av tømmerhonk.

Vossovassdraget har hatt mykje å seia for transport av folk og varer mellom kysten og dei indre bygdene. Likeins har elva vore nytta til tømmerfløyting og vedtransport. I tida Evangervatnet var isfritt var dette hovudvegen mellom Evanger og Ståi. Vinterstid, når det var meinis, vart vegen lagt om Vindeggi.

Bryggja

I året 1837 vart det halde Licitationsforretning på tingstaden Bolstadøren over oppføring av landgangsbryggja ved Wasenden i Watsværns Thinglaug. Bryggja skulle oppførast der den gamle stod, etter at den var riven. Den vart bygd av «fast og god Steen» med tropper. På ytste enden og søre sida vart bryggja forsterka med bjelkar eller «åsar». Bryggja er framleis i same stand som då ho vart bygd. Den vart lagd ved sida av «Horvejs postnaust».
Det vart laga veg ned til vatnet der ein kunne køyra av og på isen om vinteren. Den som sto for arbeidet vart pålagt å stilla kausjon for at bryggja i dei fyrste 6 åra skulle vera i fullgod stand. Dersom arbeidet vart forseinka, skulle den som hadde ansvaret for oppføringa svara ei mulkt på ½ Spd. for kvar dag arbeidet måtte vara lenger. Arbeidet vart utført for 118 Spd. av David Aadsen Kløve.

Kanalutgreiing for vassvegen frå Bolstad til Voss.

Etter forslag frå Søndre Bergenhus Amtformandskab vart Kanaldirektøren oppmoda til å utgreia «Farbargjørelse af Elven fra Bolstadøren til Evangervandet, og i tilfjulde til Wangsvandet». Kanaldirektøren med sine folk foretok i 1855 ei gransking og kom fram til at det måtte byggjast minst 10 sluser. Svært mykje dyrka jord ville verta neddemd, og laksen kunne verta hindra i å gå opp. Då kostnadene neppe kom under kr.400.000,- tilrådde ikkje Kanaldirektøren kanaliseringa, og meinte ein god landeveg var betre. Det vart og utgreidd ein trekkveg for «lastede Baade og Skuder» langs austre side av Bolstadelva. Trekkvegen vart teikna inn på eit kart i 1855 av G. F. Vedeler. Total kostnad for trekkvegen vart rekna saman til kr. 15.040,-. Tida gjekk utan at noko hende, og etter nokre år vart folk opptekne av jernbaneprosjektet som vart realisert i 1883.

UTLÅNT FRÅ STATSARKIVET I BERGEN

Kart over trekkveg.

UTLÅNT FRÅ INGER RONGEN

Patentbrev til postførar.

Posten

Bryneld Olsen Horvey vart tilsett som Postkarl i 1820 ved Horvey Poststation. Ruta var frå Skorve på Evanger, over Evangervatnet til Ståi, vidare ned til Bolstadøyri, og frå bryggja og ut fjorden til Tysso. Han skulle ikkje bruka meir enn 1½ time pr. mil på godt føre og opp til 2 timar pr. mil på slett føre. Når det var meinis, var det naudsynt å ha ein is-piggstav til å prøva isen med. Elles kunne han gå den gamle postvegen om Bjørgo og Vindeggi til Evanger.
Denne postruta vart nytta fram til ca. 1877 då Bolstadøren Postaabneri vart oppretta på Øyri.

Ferdsel

Skyssprevilegium.
Vi Christian den Syvende: af Guds Naade Konge til Danmark og Norge Giør alle vitterligt at Vi effter allerunderdanigst giorde Ansøgning og os elskelig Jørgen Erich Scheel, vores Stifft-Befalingsmand over Bergens Stifft og Amtmand over det Søndre Bergenhusiske Amt i vor Rige Norge hans derover givne Betænkning og giorte Forslag, ved Vores Resolution af denne Dags Dato, allernaadigst have bevilget og tilladt, ligesom vi og allernaadigst hermed bevilge og tillade, at Opsidderne paa Gaardene Wasenden, Horvej og Rongen, samt Husmanden Philip Larsen Øreviig udi Wosse (Fogderie).

Ovannemnde skulle «forrette den Behørende Transport til Vand op over Evangersvandet og nedigjennem Elven, samt til Lands, fra Wasenden til Bolstadøren, og fra Bolstadøren opad til Wasende» Eigarene av Evanger Giestgiveri hadde privilegium på transporten «ned over bemt Evanger Vand».

(a) For Transporten op over Evanger Vandet, med Færge og een Mand, naar den paa Stedet Evanger forbemte Priviligeret ei er der, for at tøge Retour, saasom: for en Kløv Fiire Skilling, men føres fleere end een Kløv paa eengang, da for hver Toe Skilling.
(b) For en enkelt Person eller 4re Personer, som paa eengang føres over Vandet Fiire Skilling, men er der fleer end 4 personer, da for hver Person Een skilling.
(c) I Uføre naar Iis skal brydes, betales i alle anførte Tilfælde dobbelt.
(d) Til Lands fra Nedre Wasenden for en ride Hest eller Kløv Fiire Skilling, men i uføre Sex skilling.
(e) Naar Transporten gaar med Elven nedad, for en enkelt Kløv Aatte Skilling, men er fleere end een Kløv, da for hver Fiire Skilling, men naar den skeer opad mot Elven da
(f) for en Tønde Salt, eller det som er af Iiige Tyngde, Tolv skilling, og gaar det samme Baad Iiige til Evanger, betales Sexten Skilling, og
(d) for Creature at føre over Evanger Vandet, nemlig: en Hest Aatte skilling, een Koe Fiire Skilling og et Faaer Een Skilling.



Båtane i Evangervatnet

Den vanlege båten i Evangervatnet var færingen som hadde to par årer. Han kunne soleis roast av to mann, og dette vart mykje brukt i kyrkjebåtane. Men til vanleg var det berre ein som rodde færingen. Det var og noko som vart kalla «storebåtar». Desse var større enn færingen og vart rodde av fire mann. Dei var so breie at to mann kunne sitje ved sida av einannan på same tofta og ro kvar si åre. Desse båtane vart nytta til dyretransport, høyføring og transport av tyngre varer. Dei fleste båtane vart kjøpte i Hardanger, helst frå Strandebarm. Det vart og bygd båtar her i bygdene. Båtbyggjarar frå Hardanger og Fjordane bygde båtar etter tinging her på staden. Tingararen måtte syta for å ha utvalde båtmaterialar til byggjinga.

Då Vossebana var under bygging, måtte ein transportera både folk og materiell. Ein ingeniør og entreprenør som heitte N. H. Bruun fekk fleire med seg til å kontrahera ein liten dampbåt på vel 41 fot (omlag 12½ m) og med ein maskin på 5 HK ved Bergens mekaniske Værksted «-for fart paa Evangervandet.» Båten som fekk namnet «Evanger», gjekk av stabelen jonsokkvelden 1877.
Dagen etter kunne ein lesa i «Bergensposten»:»Fartøiet løb af Stabelen med Dampen oppe og det skal være første Gangen at saadant er skeet hos os.»
Båten var til stor glede for Bolstadfolket. Ikkje minst korta den ned tida på kyrkjereisa til Evanger.
Fartstida på Evangervatnet vart ikkje lang for «Evanger». Etter vel to år kunne ein lesa: «Efter Begjæring af Bestyrelsen for Dampbaad «Evanger» afholdes Auktion 18. November 1879 paa Bolstadøren over Dampbaad «Evanger» beliggende paa Evangervandet. Konditioner hos Gerth N. Jæger.» «Evanger» vart kjøpt av ovannemnde Jæger som sette den i trafikk på Evangervatnet i korrespondanse med «Voss» og «Arne» som gjekk i trafikk mellom Bolstadøyri og Bergen.
Frå hausten 1882 sette Jæger «Evanger» inn i rutetrafikk mellom Bergen og Askøy.



UTLÅNT FRÅ BERGENS SJØFARTSMUSEUM

⌘ VIS RESPEKT OG OMTANKE FOR DEI VERNA VERDIANE;
VÅR FELLES KULTURARV.

HORDALAND FYLKESKOMMUNE, VOSS KOMMUNE

VASSVØRI SOGEL.AG

Redaksjon: Vassvøri Sogelag.
Kulturlandskapssenteret, Hordaland fylkeskommune,
Støttet av: Riksantikvaren
Landslaget for lokalhistorie
Kulturseksjonen, Hordaland fylkeskommune
Grafisk formgiving: Geir Goosen.
Kart: Sverre Mo